



## Møteprotokoll

**Møtedato:** 20. November 2020

**Møtetid:** Kl. 09:00 – 12.20

**Møtestad:** Kommunehuset i Selje.

**Saksnr.:** 47/20 - 54/20

---

### **Følgjande medlemmar møtte**

Håkon Sjøstad (Leiar)  
Magne Fure (Medlem)

---

### **Følgjande medlemmar møtte ikkje**

Jessica Haaland  
Malene Friberg  
Kariann Myklebust Fagerli (Nestleiar)

---

### **Følgjande varamedlemmar møtte**

Dagfinn Olav Kvamme for Magne Fure  
Jetmund Nyvang for Jessica Haaland

---

### **Følgjande frå administrasjonen møtte**

Elin Leikanger, kommunalsjef areal og eigedom. I sak 51.  
Ole Starheim, Økonomileiar. I sak 52.

---

### **Merknad til innkallinga**

---

### **Følgjande frå Vest Kontroll møtte**

Jostein Støylen Dagleg leiar

---

### **Følgjande frå Kommunerevisjonen Vestland revisjon møtte**

---

## **Følgjande saker vart handsama**

- SAK 47/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 48/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 49/20 MELDINGAR
- SAK 50/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 51/20 ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – AREAL OG EIGEDOM
- SAK 52/20 ØKONOMIRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020
- SAK 53/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024
- SAK 54/20 BESTILLING AV PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

**Utskrift møteprotokoll:** Kommunestyret som melding til neste møte, ordførar og rådmann som orientering og kontrollutval med vara for godkjenning til neste møte.

**Signatur:**

\_\_\_\_\_

Håkon Sjøstad

\_\_\_\_\_

Magne Fure

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
47/20	033	04.11.2020	20.11.2020	KS

## GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLLEN

### Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Magne Fure.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
48/20	049	04.11.2020	20.11.2020	KS

## GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 16.10.2020.

### Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 16.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
49/20	033&17	04.11.2020	20.11.2020	KS

## MELDINGAR

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

### Vedlegg

1. Frå nettavisa kommunalrapport, av 26.10.2020 «Ingen plikt til å foreslå kandidater til kontrollutvalget».
2. Frå bladet kommunal økonomi nr. 8, 2020. «Nye internkontrollregler gjelder fra 1. januar 2021».
3. Utskrift av Stad kommune si møteprotokoll, av 29.10.2020.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
50/20	033&58	04.11.2020	20.11.2020	KS

## GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møteprotokollar.

## Saksopplysning

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Stad kommune si heimeside - <https://stad.kommune.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan-og-sakspapir/>

### Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:	03.09		
Eigedomsskatt – Klagenemnd:			
Eigedomsskatt – Sakkunnig nemnd:	04.05		
Finansutvalet:	11.06	<b>22.10</b>	<b>12.11</b>
Nordfjordrådet:	21.09		
Stad eigedomsutvikling KF:	01.10	<b>05.11</b>	
Stad eldreråd:	31.08	<b>19.10</b>	
Stad Fjordvarme KF:	01.07	<b>28.10</b>	<b>05.11</b>
Stad formannskap:	03.09	<b>22.10</b>	<b>12.11</b>
Stad kommunestyre:	10.09	<b>29.10</b>	
Stad kontrollutval:			
Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	31.08	<b>19.10</b>	
Stad ungdomsråd:	31.08	<b>19.10</b>	
Utval for areal og eigedom:	28.09	<b>20.10</b>	
Utval for helse og omsorg:	02.09	<b>21.10</b>	
Utval for kultur, idrett, samfunn og næring:	01.09	<b>20.10</b>	
Utval for oppvekst og opplæring:	02.09	<b>21.10</b>	

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
<b>51/20</b>	030&18	06.11.2020	20.11.2020	KS/JS

## ORIENTERING FRÅ KOMMUNALSJEF – AREAL OG EIGEDOM

### Samrøystes innstilling

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunalsjef for areal og eigedom til vitende.

### I møtet

Kommunalsjef areal og eigedom Elin Leikanger gjorde ei informativ og grei orientering om sektoren ho er leiार for. Organiseringa av Areal og eigedom går fram av organisasjonskartet som vert lagt på saka i heimesida.

### Vedlegg

Ingen.

### Saksopplysning

Kommunedirektør v/ Kommunalsjef for areal og eigedom Elin Leikanger er kalla inn for å gi ei orientering om areal og eigedom, samt svare på spørsmål.

Kommunalsjef for areal og eigedom Elin Leikanger møter digitalt.

Kontrollutvalsmedlemmane bør tenkje igjennom spørsmål dei vil stille til kommunalsjef for areal og eigedom.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
52/20	212	12.11.2020	20.11.2020	JSa

## ØKONOMIRAPPORTERING 2. TERTIAL 2020

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek tertialrapport 2.tertial 2020 til vitende.

### I møtet

Økonomisjef Ole Starheim gjorde grundig orientering om status for kommunen sin økonomi. Situasjonen så noko lysare ut no enn då rapporten var laga. Han gjorde merksam på at Fylkesmannen gjer rapporteringsfeil vedkomande informasjon om skatteinngang for 2020. Det har tilknytning til Bryggja sin overgang til Stad samankopla med kommunesamanslåing. Dette gjer at tilhøve kan slå negativt ut for kommunen. Tilhøvet er teke opp med Fylkesmannen. Starheim svara og på spørsmål frå kontrollutvalet.

Starheim nemnde og Omstillingsprosjektet som kommunen no skal til på.

### Vedlegg

1. Saksframlegg frå kommunedirektøren datert 12.10.2020 til
  - a) Formannskapet i sak 20/136 22.10.2020 og
  - b) Kommunestyret i sak 20/168 29.10.2020
2. Økonomirapport 2. tertial 2020

### Saksopplysning:

1. Stad Kommune har i 2020 hatt ein utfordrande situasjon pga.:
  - a. kommunesamanslåing
  - b. grensejustering
  - c. covid-19
2. Administrasjonen meiner at underskotet pr. 31.08. er på 12,8 mill. kr. Prognosa pr. 31.12.20 er på – 5,7 mill., sjå side 9 i vedlegg 2.
3. Vedtekne innsparingar på løn med 12,4 mill, fordelt på sektorane. Fordelinga framkjem på side 9 i vedlegg 2.
4. Kommunen får meirinntekter frå Havbruksfondet, Sogn og Fjordane Energi og tilskotspakkar frå staten med til saman kr 10 mill.
5. Rekneskap og budsjett 2020, side 14 i vedlegg 2.
6. Vedkommande investeringar, sjå side 35 -39 vedlegg 2.
7. Sjukfråvær på 7,34% pr. 31.08.2020.
8. Stad Fjordvarme KF har prognose for 2020 i samsvar med budsjettet, side 40 og 41 i vedlegg 2.
9. Stad Eigedomsutvikling KF rapporterer overforbruk på Sagastad på kr 400 000, jfr. vedlegg 2 side 42.
10. For meir detaljinformasjon, sjå vedlegget.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
53/20	217	13.11.2020	20.11.2020	JS

## PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2021-2024

### Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret vedtek Plan for eigarskapskontroll slik den ligg føre.
3. Kommunestyret gjev Kontrollutvalet fullmakt til å vedta eigarskapskontrollar innan ramma for utføring.
4. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte eigarskapskontrollar vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører eigarskapskontroll på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
5. Kommunestyret vedtek at denne planen for eigarskapskontroll gjeld inntil ny plan ligg føre.

### Vedlegg

1. Plan for eigarskapskontroll
2. Kommunestyresak 150/20 med vedlegg
3. Kapittel 1.3 frå Overordna analyse utarbeida av Vestland Revisjon.
4. KS Anbefaling om eierstyring, selskapsledelse og kontroll (Ikkje oppdatert i høve ny kommunelov. Vi ventar på ajourført utgåve frå KS)

### Saksopplysningar

Viser til forslag til Plan for eigarskapskontroll som ligg ved.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
54/20	217	13.11.2020	20.11.2020	JS

## BESTILLING AV PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

### Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet ber Vestland Revisjon KO utarbeide prosjektplan for forvaltningsprosjektet Innkjøp, med levering til sekretariatet innan 31.12.2020.

### Vedlegg

Ingen

### Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde den 29.10.2020 vedtak i saka Plan for forvaltningsrevisjon – kommunen og selskap i samsvar med kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek at kontrollutvalet vel bla. flg. forvaltningsprosjekt i planperioden:
  - Beredskap. Jf. overordna analyse side 10. Spesielt ulykker på sjø og land.
  - Innkjøp. Jf. overordna analyse side 10.
  - Personvern. Jf. overordna analyse side 7.
  - Teneste-dimensjonering/demografi. Jf. overordna analyse side 13.

- Saker etter plan og bygningslova og jordlov. Jf. overordna analyse side 16.
  - Vedlikehald bygg/anlegg/kommunal veg. Jf. overordna analyse side 15.
  - Utleigepraksis ved utleige av kommunale bygg til kultur/idrett og fritidsføremål. Jf. overordna analyse side 17.
  - Sal av kommunale eigedommar i høve vedtak, praksis og prosess.
  - Sjølvkost. Jf. overordna analyse side 15.
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å prioritere og legge til nye prosjekt innan ramma for utføring. Det omfattar også forvaltningsrevisjon og selskap.
  3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
  4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.
  5. Kommunestyret registrerer at utføring av forvaltningsrevisjonsprosjekta må koordinerast med statlige tilsyn (Fylkesmannen).

For straks å kome vidare i utføringa av eit prosjekt bør ein no bestille prosjektplan, for behandling på utvalet sitt første møte i 2021 med levering til sekretariatet i desember 2020. Dei vedtekne prosjekta er ikkje i prioritert rekkefølge, så utvalet står fritt i prioritering.

**Møtet slutt.**

**Møteprotokollen går til: Kommunestyret som melding  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte**